

Til:

Fiskeridirektoratet

Volda kommune

Uttale vedrørande endring av regelverk for fjordfiske 18.10.2020 frå grendalag i nye Volda kommune

Ref., dykker sak nr: 20/66556 Angående fjordfiske i Volda kommune, Møre og Romsdal,
saksbehandler: Njål Wang Andersen, dato: 14.09.2020

Grendalaga viser og til tidlegare korrespondanse i januar 2019, vår uttale av 26.03.2020 og
oversending av informasjon til Fiskeridirektoratet vedrørande sak 18/17946 og Miljøverndirektoratet
verdrørande sak 19/2500 som gjeld oppheving av forbodet mot bruk av lys ved fiske med snurpenot

Volda kommune etterlyste og svar frå Fiskeridirektoratet ref: 20/7121 20/10560 av 17.06.2020

Vi gjentek hovudsaka: Fiskeridirektøren si melding J-169-2017 oppheva forbodet mot **bruk av lys**
ved fiske med snurpenot i Møre og Romsdal. Dette har medført **andre gongs utfisking av fjordane**
(fyrste gong ca. 1955 – 1972, innføring av lysforbod J-370):

- yrkesfiskebåtar fiskar ut fjordane for **lokal sild, botnfisk og anadrome fiskeartar**
- **lokal sild** er – og har vore – **kvardagsmaten** for lokal botnafisk og sjøfugl
- **sjøaure og sjørøye** lever sitt liv i fjordane når dei ikkje er i ferskvatn. **Villaks** går fjordane til og frå havet
- **nøter som når botn** drep alt liv som skal vekse opp til lokal botnafisk. Å bruke nøter som når nærrare botn enn 50 meter – **laust hengande not** – er drepane for lokal botnafisk
- **bruk av lys** samlar all fisk i grunne fjordar og sund. Resultat etter kast er daude fjordar. Eitt kast så er her ingen bifangst meir. Sjå dykker eigen rapport frå Havforskingssinstituttet 2012
- **yrkesfiskarane sine handlingar** – i åra 2017 - 2020 - ved fiske i området forsterkar vårt **krav om stenging av områda for lys og for djup not** medan ein forskar på bestandane
- **AIS vert slegen av når ein går inn i fjordane.** Ingen skal vite kvar ein er. Ikkje ein gong bergingstenestene
- det vert fiska i **munningsfredningssonene for anadrom fisk** til stor skade for laks og aurebestand. Munningsfredningssonene frå miljøavdelingane vert dermed ikkje respekterte av fiskeridirektoratet, dermed får yrkesfiskarane løyve til å fiske i desse områda
- ynskjer ein **gjenoppbygging av lokale fiskestammer** i området innafor grendalaga sine grenselinjer, sjå lenger ned i skrivet, må fiskeridir syte for at ein forskar på restane av lokale fiskestammer - og ikkje tome fjordar - for lokale fiskeartar

- ein må gjerne kalle ei stenging/regulering no for mellombels medan ein får oversikt over situasjonen. Her syner ein til svar frå dåverande fiskeriminister H. T. Nesvik til stortingsrepresentant Eivind Reiten, sjå rapport av 02.02.2020. Det er **ikkje lovleg å fiske ned lokale fiskestammer**
- denne saka om overfiske er ei **varslingssak** frå haust 2018 som enda som ein sakleg rapport med mykje empirisk kunnskap datert 02.02.2020 - utarbeidd frå Austefjord grendalag med tilslutting frå spesifiserte grendalag i Volda. I rapporten er synt til fiskeridir sine eigne J-meldingar for å berge lokale fiskestammer etter første gongs nedfisking – med påfylgjande reguleringar – frå rundt 1955 og utover. **Varslingssaka kom etter gjenkjennung av førre gongs nedfisking** – dette er empirisk kunnskap – kunnskap som blir til ved prøving og feiling. Kunnskapen har fiskeridir konfirmert/stadfestet ved sine J-meldingar og felt ned i Lovdata som reguleringar for oppattbygging av lokale fiskestammer. **Steng områda for bruk av lys og for djup not no.** Forsking er bra. Lokale menneske hjelper gjerne til – **slik vi allereide har gjort.** Men syt for at de – Fiskeridirektoratet som frå før har ansvaret – forvaltar ansvaret saman med fiskarane og ikkje legg ansvaret på innbyggjarane i spesifisert område
- Syner elles til vår – grendalaga sin - rapport av 02.02.2020 som de kjenner frå før. **Fjordar og grunne område er vårt felles ansvar.** Folket – gjennom grendalaga – har varsle om feil bruk av **FØRE-VAR-PRINSIPPET** frå Fiskeridirektoratet si side. Forskinga burde vere unnagjort før J-169-2017

Grendelaga i Volda kommune ser med stor bekymring på denne situasjonen. Folket som bur langs fjordane har stor kunnskap om utvikling og forvaltning av fiskeressursane. Observasjonar gjort av lokale eldre menneske er viktig kunnskap, særleg med tanke på kva slik drift som føregår no har av betydning på sikt

Det er med bakgrunn i slike observasjonar at grendelaga no krev:

- **At dei rette forvaltningsmynde grip inn og gjen-innfører totalt forbod mot lys og forbod mot snurpenot i fjordar og grunne område**
- **At dei lokale, fastståande sildeartane, får eigne kvoter (førebelts sett til 0 – null uttak) slik at den ikkje døyr ut grunna felleskvote med NVG- og Nordsjøsilda**

I nye Volda kommune krev vi innføring av soner slik:

Austefjorden og Kilsfjorden: Ny line Furneset – Mek. Den tek betre vare på anadrome fiskeartar og legg Høydalselva i same sone

Dalsfjorden: Ny line Kvangersneset – Nautvikneset. Den tek betre vare på anadrome fiskeartar og legg Dalselva, Dravlauselva og utløpet frå Tussa Kraft Åmela i same sone. Her har Steinsvik/Vassbakkeelva og ein sjølvsagd og sentral plass i opplisting av vassdrag

Hjørungfjorden: Bruk dei tidlegare grensene Sæbø - Leiknes

Hornindal: Anadrome fiskeartar går Nordfjorden – Eidselva – Hornindalsvatnet – Honndøla og bør ha si sone i Nordfjorden

Vi viser til vedlagt rapport frå Austefjord grendalag av 02.02.2020 andre utgåve, utarbeidd av Oddvar Høydalsvik i samarbeid med eldre personar i området

Angående fjordfiske i Volda kommune, Møre og Romsdal. Sakens bakgrunn. Fiskeridirektoratet viser til henvendelse av 26.03.2020 fra lokale grendelag i Volda kommune, Møre og Romsdal. Nytt saksnr. hos Fiskeridirektoratet 20/66556, tidlegare 18/17946

Grendalaga kommentar punkt for punkt svaret frå Ottemo og Andersen, i tillegg punkt sakshandsamarane ikkje tek opp

- **Ottemo og Andersen si orginaltekst (kopiert inn) i kursiv tekst**
- **Grendalaga sin kommentar**
- **punkt Ottemo og Andersen har utlate å svare på**
- **hugsliste med debattargument**
- **at Volda kommune sine fjordbotnar er urimeleg behandla i høve til fjordbotnar med lokal sild i Vestland fylke i høve til eit FØRE-VAR-PRINSIPP. Innfør reguleringar no**

Fiskeridirektoratet viser til henvendelse av 26.03.2020 fra lokale grendelag i Volda kommune, Møre og Romsdal. Bakrunnen for henvendelsen er en bekymring for at lysfiske med snurpenot truer fiskebestandene i fjordene. Til henvendelsen er det vedlagt en omfattende rapport som har som formål å vise hvilken negativ betydning lysfiske med snurpenot har hatt for fiskebestandene i Austefjorden.

Bakrunnen for grendalaga sin reaksjon er gjenkjenning av situasjonen i 1960-åra då silda vart borte og havsnurparane fiska ned lokale stammer av botnafisk - og kvardagsmaten til denne - den lokale silda ved bruk av lys og djup snurpenot.

Datagrunnlaget i fiskeridir er J-meldingar – mange henta inn og kommentert i rapporten - og korrespondanse som de finn i fiskeridir sitt eige arkiv om nettopp situasjonen i Volda kommune. Ei oppfordring – sjå etter – så vil grunnlaget for regulering no auke monaleg.

Vi undrar oss over at ikkje FØRE-VAR-PRINSIPPET som er marknadsført av myndighetene og Fiskeridirektoratet - som ein arbeider etter i forvaltninga - er nemnt med eit einaste ord.

Når eit lokalområde samstemt varslar om at her gjekk det gale – igjen – krev ein handling – ikkje luftige formuleringar om at ein tenkjer på saka til der ikkje er fisk å forske på.

Sjå eiga formulering - *som har som formål å vise hvilken negativ betydning lysfiske med snurpenot har hatt for fiskebestandene* – både J-meldingane og gjenkjenning/observasjon om kva som skjedde ved fyrste gongs nedfisking er empirisk kunnskap. Formålet med å varsle var/er å tilføre saka faktakunnskap slik at galskapen – nedfisking av lokale fiskeartar med lys og for djupe nøter - kan stoppast.

Vi krev at fiskeridir stengjer dei grunne områda slik grendalaga krev – og forskar på det som er att av fisk, slik Havforskningsinstituttet tilbyr.

På bakgrunn av rapporten krever grendelagene at:

1. Det innføres et totalt forbud mot bruk av lys og bruk av snurpenot i fjordene.

Ja, og innafor kystlinja der fjordane er djupe: **Forby bruk av lys på grunnare vatn enn 100 meter og 1000 meter frå nærmeste land i alle retningar. Snurpenot skal ikkje kome nærmare botnen enn 50 meter ved fritt hengande not i sjøen.**

2. Det fastsettes områdekvote for fisket etter sild i fjordene for å beskytte lokale sildestammer.

Eit legitimt krav for heile kysten. Men **start** gjerne **her behovet er akutt akkurat no.**

Fiskeridirektoratets vurdering

De senere årene er det lagt ned en relativt betydelig innsats både fra Fiskeridirektoratet og fra Havforskningsinstituttet for å sikre fiskebestandene i fjordene på Vestlandet. Som et resultat av dette arbeidet er det både nedsatt forbud mot fiske etter sild innenfor gitte grenser i Nordfjord og i Sognefjorden og det er satt kvotebegrensninger på fisket etter brisling i Nordfjord, Sognefjorden og Hardangerfjorden.

Betydelig innsats i indre kyststrok og fjordbotnar i høve til totale ressursar er ei heftig overdriving i følgje våre kontakter i norsk forvaltning og næringsliv.

Reguler i det minste områda midlertidig no. Så har ein tid til å forske på restfisken til ein endeleg bestemmer seg. Der er tydelegvis kunnskap nok «synnja-i-Statten»/sør om Stad til at vårt varsel bør lyttast til.

Hugs: FØRE-VAR-PRINSIPPET

Den lokale og historiske kunnskapen som presenteres i rapporten fra Austefjorden er et viktig bidrag i Fiskeridirektoratets arbeid med å sikre fiskebestandene i fjordene. Det er imidlertid lite vitenskapelig kunnskap og data tilgjengelig i beskrivelsen av de biologiske hensyn som gjør seg gjeldende i saken.

Fiskeridirektoratets arbeid har i denne omgang – 2017 til 2020, de skriv etter prinsippet om likebehandling av fiskarane på kysten - berre bidrige til å drepe ned lokale fiskebestandar i fjordane – **– både lokal sild/kvardagsmaten, lokal botnafisk og anadrome fiskeartar.**

Er det ikkje ein ide - når ein får varsel om overfiske – at ein **likebeandler** området her med andre område lenger sør på kysten som tidlegare er utsett for overfiske? Ja takk, det er fint det er avsett midlar til forsking. Men ein må ha att fisk å forska på.

Hugs: Dette er andre gongs nedfisking av same område. Historiske data frå 1960 og utover er meir enn god nok til å stoppe galskapen – medan ein forskar – no. I andre samanhengar kallar ein slik informasjon – empiriske data – data som blir til ved prøving og feiling. Fiskeria og Fiskeridirektoratet har eit hav av empiriske data – i eigne arkiv og Statsarkivet - å ause av. Tenk J-meldingar og korrespondansen som førte til reguleringar ved fyrste gongs nedfisking av lokale bestandar.

I Nordfjord og Sognefjorden foreligger det mange år med genetisk og biologisk data som gjør at det mulig å stedfeste lokale sildestammer med rimelig grad av sikkerhet. Det foreligger ingen slike data for fjordene i Møre og Romsdal. Det kan være lokale sildestammer i disse fjordene, men det kan også være tale om ung norsk vårgytende sild som vokser opp i fjordene. Denne bestanden gyter i store mengder langs kysten av Møre og nordover, og noe av larvene driver inn i fjordene og vokser opp der.

Rimelig grad av sikkerhet? Er dette ei bortforklaring på at lokale fastståande sildestammer har vore KVARDAGSMATEN til lokal botnafisk og lokal sjøfugl i årtider? At ferdafisk og drivande larvar er eit «skogamål»/kjempestort måltid - i ny og ne – og eit avbrekk i kosten er greit – men denne forklaringa var - syltynn.

Fiskeridirektoratet har meir enn nok grunnlag til å regulere fisket i «indre fjordstråk» i Volda kommune ut frå grendalaga sitt krav/varsle og empiriske data frå 60-talet.

På det nåværende tidspunkt har Fiskeridirektoratet ikke grunnlag for å nedsette et forbud mot fiske med snurpenot, eller for å fastsette fjordkvoter, ut fra hensynet til å bevare lokale sildestammer.

Fiskeridirektoratet sin konklusjonen her er grendalaga djupt ueinige i: Mange som les gir oss tilbakemelding og kallar svaret eit «God dag mann – økseskraft»-svar. Eit svar som var klart før spørsmålet var stilt. Då ligg der ikkje ei sakleg vurdering bak - den baserer seg på yrkesfiskaren sitt krav å få fiske – ikkje noko om **lokale bestandar sitt behov for overleving**.

Påstand: *På noverande tidspunkt har Fiskeridirektoratet godt grunnlag for å setje ned forbod mot fiske med snurpenot og fastsetje fjordkvotar til null uttak på lokale stammer av sild. Dette innanfor dei lokale grenselinene grendalaga langs fjorden krev.*

Fiskeridirektoratet er imidlertid kjent med at Havforskningsinstituttet har stilt seg positiv til å bidra med forskningsressurser for å analysere sildeprøver fra fjorder i Volda kommune. Kartlegging av om det er lokale sildestammer i fjordene fordrer at lokale initiativtakere opprettholder en dialog med Havforskningsinstituttet og bidrar med prøver etter Havforskningsinstituttets anvisning.

Inntil det eventuelt skulle foreligge et tilstrekkelig grunnlag for å kunne stedfeste lokale sildestammer i fjorder i Møre og Romsdal, vil fiskebestandene i fjordene ivaretas gjennom det eksisterende regelverket om bifangst og minstemål, forbud mot utkast av død eller døende fisk og regler om fiske nært lakseførende vassdrag.

Lokalfolkninga har fyrst varsle ved underskriftsliste – så grendalaga sitt krav om reguleringar - og telefonisk og skriftlege varsle varsle frå enkeltpersonar. Ein har og oppfylt forespørsel om hjelp til innlevering av fisk fiska lolkalt – både ved eige fritidsfiske og det å spore kast frå yrkesfiskarar og kvar dei leverar. Fiskemottak gir då frå seg prøver frå innmeld fangst der fleire kast oftast er blanda på same tanken på fiskebåtane. Innlevering til Runde Miljøsenter.

Her legg Fiskeridirektoratet bevisbyrda på «fornærma part» - fjordfisken, fjorden og lokalbefolkinga. Frå retten såkalla «omvendt bevisbyrde». Det er temmeleg ekstreme greier frå ein statsetat som er forplikta til å arbeide etter «føre-var-prinsippet».

Her er få eller ingen som meiner at yrkesfiskaren ikkje skal få fiske si lovlege kvote etter regelverket – men **regelverket må vere tilpassa ressursgrunnlaget** lokalt.

Kravet frå grendalag i Volda kommune er at regelverket og reguleringar er tilpassa miljømessig forsvarleg gjennomføring av fisket – og det er det Fiskeridirektoratet si idømte plikt å gjere – i lovs form frå Storting og regjering.

I henvendelsen fra grendelagene kreves det også forbud mot bruk av lys i notfiske. Det vises til Fiskeridirektoratets forskriftsendring av 27. september 2017 (J-169-2017), hvor det ble åpnet opp for lysfiske i fjordene i Møre og Romsdal i tidsrommet fra 1. april til 31. januar. Ifølge grendelagene har dette ført til en nedfisking av lokale fiskearter.

Ja, i grove trekk slik: 2017, J-169-2017 – 2018, bruk av lys og for djup snurpenot, sjå grendalaga sin rapport av 02.02.2020 – 2019 og 2020 fiske med lite/minkande/avtakande bifangst. Ein ser framleis noko daud fisk etter stranda – men «i mørke natta alle kattar grå» heiter det vel. Sjå og bifangstrapporet frå 2012 – som fiskeridir og fiskarane syner til – som har ein synonym/likeverdig historikk.

Formålet med forskriftsendringen var å bringe reguleringen i Møre og Romsdal i samsvar med den reguleringen vi har for bruk av lys i fjordene i Vestland fylke (tidligere Sogn og Fjordane fylke og Hordaland fylke). Det er ingen biologisk grunn til at det skal være en ulik regulering i de to fylkene.

Nettopp. Det er ingen biologisk grunn til at det skal vere ei ulik regulering i desse områda. Derfor er det naturleg at fjordane i Volda kommune får regulering – eller ein pause frå fiske – medan ein forskar. Fiskeridir peikar på eit rettferdsprinsipp – prinsipp er vel staheit medan ein blir klokare – då J-169-2017 vart innført. Ein kan bruke same prinsipp som grunnlag for regulering medan ein forskar. Då er der kanskje noko att å forske på – om ein er heldig.

Spørsmålet om hvorvidt bruk av lys i notfiske skal totalforbys i enkelte fjorder har tidligere blitt utredet. Bakgrunnen for dette var en bekymring for at bruk av lys øker faren for uønsket bifangst av bunnfisk. Fiskeri- og kystdepartementet ba ved brev av 12. juni 2012 om Havforskningsinstituttets vurdering av økosystemeffekter av lysfisket. Havforskningsinstituttet uttalte i brev av 2. september 2012 bl.a. at de ikke hadde grunnlag for å konkludere med at lysfiske etter sild og brisling har skadevirkning på bestander av annen fisk.

Ved utfisking av same fjordane 1960 og utover til 1972 då lys vart regulert var konklusjonen ein annan – lysforbod vart innført. At dei lokale stammene av botnafisk «takka for seg» når lysforbodet vart oppheva 2017 stadfestar den tidlegare vurderinga.

Kva slags spørsmål Havforskningsinstituttet har svara på som no blir tolka; «at de ikke hadde grunnlag for å konkludere med at lysfiske etter sild og brisling har skadevirkning på annen fisk». Lys på enkeltartar av fisk, kanskje. I alle fall ikkje på samla bestandar i grunne område, for det gir rovfiske som svar jmf. lysforbod 1972.

Utanfor kystlinja – i havet der bestandane går meir fritt og har betre avstand – greit. Avstanden til botnen frå lysiskilda avgjer dette. Med topografin i grunne fjordar og sund er det ingen grunn til å tolke forskning slik. Sant nok - lyset skadar ingen fisk. At all fisk i eit område når not med mykje notlin

i blir sett er avgjerande. Etter eit par kast på denne måten er der ingen bifangstproblematikk meir. Så enkelt og så vanskeleg – sjå dykkar bifangstrapporet av 2012 frå Havforskingssinstituttet.

På bakgrunn av dette finner Fiskeridirektoratet ikke grunn til å fastsette et forbud mot bruk av lys ved notfiske i fjorder i Møre og Romsdal.

Feil konklusjon sett frå grendalaga. Fiskeridir kan med godt samvit innføre reguleringar medan ein forskar.

Dette brevet sendes til Austefjord grendelag v/ Oddvar Høydalsvik som representant for grendelagene.

Oddvar var med og hjelpte til ved utsending grunna starten på ein noko kaotisk koronasituasjon. Han formidla brevet vidare til Austefjord grendelag, Indre Dalsfjord grendelag og **Volda kommune si heimeside under Veg, vatn og miljø, post Fiske** slik at grendalaga og Volda kommune sine innbyggjarar vart kjende med svaret frå fiskeridir.

Vi stiller oss undrande til at de ikkje svarar til kvart enkelt grendelag når de har E-post-adressene frå sendinga. De har svara til andre enkeltag i kommunen. Blir verdien av eiga adresse mindre verd til lenger ut frå sentrum ein kjem?

Fiskeridirektoratet bør lytte/lese, forstå og godta grendalaga sitt grunngitte varsel/krav om regulering medan ein forskar på dei lokale bestandane.

Dei tinga Fiskeridirektoratet ikkje har kommentert, men som og talar for regulering no:

Dei anadrome fiskeartane:

Det er kjent frå historia – empiriske data – at desse artane treng både ferskvatn og saltvatn for å leve opp og halde syklusen gåande. Dette krev eit meir inngåande samarbeid mellom Fiskeridirektoratet og Miljødirektoratet – ved fylkesmannen si miljøvernnavdeling - enn regulerande mynde har fått til til denne tid.

Fiskeridirektoratet har hand om saltvassfisket - med unntak for fisk som gyt i ferskvatn - **og styrer dermed yrkesfiskarane sin oppførsel.**

Miljødirektoratet har hand om fiske av anadrome fiskeartar i ferskvatn og litt regulering i sjø for at dei anadrome artane skal ta seg mellom elvane og fjorden/havet. Dei kan regulere kilometervis ut i fjorden i smått. Dei har stor rett til å regulere fritidsfiske og enkelpersonar sitt lovlege fiske til eige bruk. Det blir og gjort i stor skala. **Men Fiskeridirektoratet gjev yrkesfiskarane løyve til bruk av lys og for djup snurpenot etter eigne vurderingar innafor gitte datoar – heilt inn i munningsfredningssonene. Kombinasjonen lys og for djup not gir utfisking/neddrepning av lokale fiskeartar. No for andre gong i grunne fjordar og sund i Møre og Romsdal, sjå grendalaga sin rapport av 02.02.2020.**

Også i utkast til ny lov frå Miljødirektoratet **Retningslinjer for regulering av fiske ved utløp av vassdrag med anadrome laksefisk, UTKAST juni 2020** s. 8 «som et alternativ til avstandsbegrensing kan det vurderes om det skal legges begrensinger på bruk av lys ved notfiske» – som no er ute til høyring – skjerpar ein tidlegare reguleringar for same gruppe menneske. **Men som før legg ein inn**

at yrkesfiskaren har fritt leide til å gå inn i fredningssonene i fjordar og grunne sund med djup not og lys og ta sine kvotar. Altså **rein overkøyring** av reguleringar som botnar i kunnskap, men som fiskeridir og tydelegvis heller ikkje Havforskinsinstituttet godkjenner som «gangbar viten».

Samarbeid er ein fin ting om partane blir sett på som likeverdige. **Til no har fiskeridir synt stor vilje til rein overkøyring av miljødir for snurpenotfiske med lys og djup not i fjordane og inn i elvane sine munningsfredningssoner.**

Løysinga må vere å gi eitt av direktorata ansvar for totalen. I dag er overgangen sjø/elv eit ingenmannsland som berre bidreg til å drepe ned lokal sild, lokal botnafisk og anadrome fiskeartar.

Fiskarane:

Bruk – eller rettare, **manglande bruk av AIS** – er relativt nøyne beskrive i vår rapport av 02.02.2020. Når vi blir sinte og ein melder frå kvar båtane oppheld seg på spesifikke tidspunkt er det lokalbefolkinga som får ansvaret for dokumentasjon. Ein må ta biletet der båtane kan identifiserast. Berre biletet med rett plassering av fotograf slik ein kan dokumentere nøyaktig posisjon er godt nok. Ein må vere oppe på natta då ein skal sove for neste dags arbeid. Ein snakkar om **angiveri** som ein burde vere spart for. **Vi minner om at både å gi løyve og kontrollere at løyve blir fulgt er fiskeridirektoratet sitt ansvar.**

AIS er der for **fiskarane si sikkerheit**. Bruk av snurpenot krev god **stabilitet**. Vi minner om **havari** i Vanylvsfjorden for nokre veker sidan der sjøfartsdir med kontroll frå fiskeridir har synt sin manglande kunnskap ved å gi for romslege løyve på stabilitet, iflg lokale aviser. AIS skal også gi kunnskap om tid og stad til fiskeridirektoratet for kontroll av notbruk og kontroll av fiskeressursar.

At lokalbefolkinga skal ha kontroll på til ei kvar tid gjeldande regelverk og syte for handheving av dette ved angiveri er høgst urimeleg.

Er varslarane tekne på alvor i fiskeridir i denne saka?

- Ja, i kontakt med informasjonspersonell
- Ja, i kontakt med kontrollpersonell og sakshandsamarar ute i systemet
- Nei, når det i dette tilfellet fiskeridir - ved skriftleg svar - prøvar å grunngi kvifor ein ikkje regulerar
- Ein blir ikkje truud når ein fortel om fyrste gongs nedfisking. Sjølv om fiskeridir har dokumentasjon i sitt arkiv
- Varslar ein om ulovleg fiske får ein beskjed om å dokumentere betre
- Er det slik at ein ber om varsling. Når ein har varsle fyrste gong blir du sett på som angivar – eller nazi, som statsministeren sa frå Stortingets talarstol nyleg? Neste gong du varslar er du ikkje truverdig
- Vi varslar om sak – og dokumenterer saka så godt det let seg gjøre – også med fiskeridir sin eigen arkiverte informasjon. Framleis beskriv ein opplysingane med – **har som formål å belyse hvilken negativ påvirkning.....** - ei syltynn forklaring om ein hevdar åtru på angivarane

- **Vakn opp.** Dette er ikkje ein leik med ord. **Vi varslar om statleg tillate rovfiske på lokale fiskebestandar**

Hugseliste for argumentasjon etter 26.03.2020:

Syner ellers til rapport frå Austefjord grendalag av 02.02.2020

Sak 18/17946 hos fiskeridir.no gjeld lysfiske og bruk av for djup snurpenot i grunne fjordar og sund i Volda kommune i Møre og Romsdal

Hugs: Ikkje ta fiskarane – så lenge lover og reglar er fulgt. Overfisket er tillate frå regulerande mynde

Lysfiske i kombinasjon med nøter som kjem nærrare botnen enn 40 – 50 meter har ikkje noko i grunne fjordar og sund å gjere. Dette stadfestar og fiskarane – men dei kan ikkje bruke anna reiskap enn dei har lov til

No er prestert andre gongs nedfisking av lokale fiskebestandar i Møre og Romsdal på 60 år. Ein treng berre ein småsprø fiskeriminister og eitt einaste kast med lys og for djup snurpenot for å rasere ein fjordbotn

Fiskeridirektøren si melding J-169-2017 oppheva lysforbod i Møre og Romsdal Fylke utan høyring til kommunane. Kommunane fekk uttale seg i 1970 for innføring lysforbod 1972 – og oppheving med eit pennestrøk 2017. Lysregulering ved notfiske innført 1964

At Fiskeridirektøren ikkje like lett dreg inn eit løyve - som det blir gitt – når ein ser at eit løyve er feil – må no vel vere forvaltningsmessig spikande gale

Om Fiskeridirektøren sine løyve til bruk av for djupe nøter i høve til plassen ein kastar på - spør Norges Fiskarlaq, lokallaq Møre og Romsdal Fiskarlaq v/leiar

Større nøter er rekna som effektivisering – effektivisering er rekna som eit gode – rasering av heile bestandar lokal fisk (kalla bifangst) – er ei bivirkning ved fri bruk

Kvardagsmaten til lokal botnafisk og sjøfugl er lokal sild

Og - ferdafisken går **ikkje årvisst på kvar fjord**

Anadrome fiskeartar brukar og fjordane – i hovudsak i overflata:

Laks går inn – og smolt frå gyting i elvane skal til havs

Aure – gyt i elvane – brukar fjorden/fjordane i si levetid

Sjørøye – gyt i elvane – brukar fjorden/fjordane i si levetid

Sjøfuglen: Førre generasjon fjordfiskarar sa ofte – når ein var ute med på landnota – utover frå 1965 - til 1980, då dei gav seg med grunn i at heilårsfiskarane gjorde krav på ressursane: «**Måsen forstår seg visst ikkje på fisk lenger**». Det dei tydelegvis ikkje ynkste å ta inn var at der ikkje var mat til måsen lenger – noko vi ikkje forstår kollektivt enno. **Høyrer ikkje slikt med i miljødebatten?**

Fiskestammer utan kvardagsmat må no vere like kriminelt som sveltande kyr på båsen?

Frå rundt 1955 – då Norsjøsilda vart oppfiska – gjekk havsnurparane inn i fjordane med sine 60 famner djupe nøter – for å berge ársinntekta. **Den lokale silda gjekk med i kasta – sild er sild.** Ein rasande strandsitjar som verbalt forsvara den lokale silda vart rekna som - krydder i kvardagen – slik er det tydelegvis enno

Så har ein hatt ei runde på 50 – 60 år med reguleringar

Botnafisken – der silda er kvardagskosten – bygde seg opp att til lovleg størrelse på 10 – 20 år

Silda – som samtidig er mat til resten – rakk nesten fram til brukbar bestand til 2017 (ref. J-169-2017) – men hadde behov for 60 år på oppattbygging til brukbar mengde for fastståande fisk – og fugl - sitt behov

Dette er faktaopplysing slik strandsitjarane ser det

Framleis har ikkje lokale særeigne sildestammer – også omtala som norsk haustgytande sild – eigne kvotar – og blir dermed utfiska på kvotane til dei større – vandrante – bestandane – NVG og Norsjøsilda

Dermed har ein framleis gåande eit – **tilsynelatande ukontrollert** - fiske på pelagiske bestandar på lokale fiskefelt

Alle som ser og høyrer om saka – **hjelp til** så overfisket opphøyrer i grunne og trange fjordar og sund

Så kan ein drive ressursundersøkingar, drive med fiskeribiologiske prøver og genetikkprøver - og kartlegge nøyaktig fangstområde der ein kan sleppe til fiskar med høveleg reiskap – om der er ressursar til det

For meir informasjon – syn til rapport av 02.02.2020 - **ikkje snakk deg vekk** - eller driv reint tomgangssnakk !!!!

Innfør reguleringar NO etter FØRE-VAR-PRINSIPPET – medan ein forskar. Det er så trasig å bli for sein – slå ut med armane og beklage. Då sit ein med daude fjordar der ein berre tek ferdafisk - utan bifangst. Ferdafisen er – som kjent – ikkje årviss på kvar fjord.

Fiskarlaget går og i oppløsing av den grunn at dei større aktørane vil inn i inste fjøresteinarne og ha smulane og slik som ved fyrste nedfisking rundt 1960.

Rettferda då, kvar vart det av den? Og rettferd for kven?

For Grende-lag/utval i Volda kommune:

Det vart for krevjande i koronatider å samle laga som var tilslutta uttale av 23.06.2020. Derfor tek Austefjord grendalag og Indre Dalsfjord grendalag oppgåva med svar ne.

Austefjord grendalag, leiar Lise Charlotte Ekros (sign)

Indre Dalsfjord, leiar Einar Furnes (sign)

Supersmalt **breiband** på bygdene gjer at ein må velje ei av to løysingar for kopiliste ved innsending:

1. Frå sørviskontoret til Volda kommune. 2. Dele opp lista.

Kopi til: Havforskinsinstituttet, Miljødirektoratet, Runde Miljøsenter, Møre og Romsdal Fiskarlag, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal Fylkeskommune, Ørsta kommune, Stranda kommune, Vanylven kommune, Sande kommune, Herøy kommune, Ulstein kommune, Fylkesmannen i Trøndelag, Trøndelag Fylkeskommune, Fylkesmannen i Vestland, Vestland Fylkeskommune, Stryn kommune, Stad kommune, NRK Møre og Romsdal, Sunnmørsposten, Møre, MøreNytt, Fiskeribladet, Nationen, Lise Ekros, Einar Furnes